

## Høyringsuttale: Bevaring av vidaregåande skule i Lom

Barnets beste skal vere det overordna prinsippet i alle avgjerder og handlingar som rører ved barn. Dette er klart nedfelt i FN's barnekonvensjon:

- Artikkel 1 slår fast at «alle under 18 år er barn, dersom ikkje ein tidlegare alder er lovfesta av staten.»
- Artikkel 3 pålegg vaksne å «gjere det som er best for barn.»
- Artikkel 23 understrekar at «barn med funksjonsnedsetjing har same rett til omsorg, skule og utdanning som alle andre.»

Jordmødre, helsesjukepleiere og miljøterapeuter har brei erfaring med barn og unge, og fylgjer dei tett gjennom heile oppveksten. Dette gjev oss unik innsikt i deira fysiske, psykiske og seksuelle helse. Vi uttrykkjer sterk uro over dei potensielle konsekvensane av ei eventuell nedlegging av den vidaregåanden skulen i Lom. Våre erfaringar viser at sjølv om nokre ungdomar kan klare å tilpasse seg nye miljø, lange reiser og eit sjølvstendig liv på hybel, er dette langt frå mogleg for alle.

Ungdomsåra er prega av betydeleg utvikling av hjernen. Pannelappen, som styrer evna til å ta veloverveide avgjersler, er ikkje fullt utvikla før i 20 åra. Dette medfører at mange ungdomar blir styrte meir av impulsar enn av rasjonell konsekvenstenkning. Det er velkjent at ungdomar ofte søker risiko og har ei oppleving av sterkare belønning i form av dopamin når dei prøver noko nytt eller spennande. Dette kan føre til at ynskje om umiddelbar tilfredsstilling overstyrer fornufta. Utan støtte frå vaksne, og langt frå det kjente og trygge, kan ungdomar som bur på hybel møte store utfordringar på grunn av dette.

Ivaretaking av grunnleggande behov, som søvn, ernæring, nære relasjonar, beskyttelse og omsorg, kan bli utfordrande ved tap av dagleg kontakt med føresette. Dette vil vera særleg gjeldande for den yngste aldersgruppa. Ein veit frå tidlegare, at dette kan ha stor påverknad på barna, både med tanke på fysisk og psykisk helse og ikkje minst læring. Ivaretaking av desse behova må ikkje bli bagatellisert eller undervurdert i ungdomsåra.

Forsking på studentar, som flyttar på hybel, og som er fleire år eldre enn elevar på vidaregåande, viser at mange rapporterer om einsamheit og psykiske helseplager grunna dei utfordringane som kjem med å meistre kvardagen åleine. Korleis kan vi da forvente at ein 15-åring skal handtere desse utfordringane?

Kva skjer med ein 15-åring, som må bu på hybel utan dagleg tilsyn frå foreldra? Kva med dei ungdomane som har kroniske somatiske sjukdommar som for eksempel diabetes eller epilepsi eller andre tilstandar som treng behandling? Eller dei med psykiske utfordringar som krev jamleg oppfølging? Medfødte tilstandar og

funksjonsnedsetjingar? Skal desse òg bu åleine på hybel? Eller planlegg fylkeskommunen å etablere hybelhus med helsepersonell tilgjengeleg døgnet rundt? Helse er fyrsteprioritet, og mantra i oppfølging av barn og unge, men helst i kombinasjon med eit skuletilbod. Da må vi ha skular som er nære, fleksible og robuste.

Vi stiller spørsmål ved korleis fylkeskommunen har tenkt å sikre tryggleik og god helse for desse ungdomane, både på kort sikt og sett i lengre perspektiv. Dei vidaregåande skuleåra er avgjerande for ungdomanes utvikling. Ynskjer ikkje fylkeskommunen at ungdomane i heile Innlandet skal få ei solid plattform før dei går inn i vaksenlivet? Det er desse ungdomane som skal bli framtidens arbeidskraft og samfunnsborgarar.

Vi oppmodar fylkespolitikarane til å gjennomføre ei grundig utgreiing av dei innspela og bekymringane som kjem frå tenestene som arbeider tett med ungdom til dagleg. Det er avgjerande at avgjerder om skulestruktur vert tekne på eit godt informert kunnskapsgrunnlag, der barnets beste står i sentrum.

Venleg helsing

Ingvild Steinehaugen Hosarøygard, helsesjukepleiar

Liv Marie Øyjordet, helsesjukepleiar

Eldri Engdal, jordmor

Annhild Aasvee, jordmor

Synnøve Rindhølen Harerusten, helsesjukepleiar

Aud Jotun, helsesjukepleiar

Aud Marit Sveinhaus Marstein, helsesjukepleiar

Kari Sakrisrud, familierettleiar

Elin Skjåk Haugen, miljøterapeut

Stine Brenna, helsesjukepleiar

Rannveig Brennhaug, helsesjukepleiar

Eli Skjåk Teigum, helsesjukepleiar